



Møteprotokoll

GISKE HAMNEVESEN

Møtedato: 23.02.2026
Møtestad: Giske rådhus, kommunestyresalen
Møtetid: Kl 13:00 - 14:00

Av medlemmer møtte:

Lina Blindheimsvik Røssevold
Geir Arne Dyb
Kenneth Langvatn
Marit G. Alnes
Monika Vartdal Giske
Olav Sindre Roald
Marit Vik

Parti

Ap
FrP
H
KrF
Sp
TLG
V

Andre som møtte

Åsa Nesheim

Møteleiar:	Kenneth Langvatn
Politisk sekretær:	Åsa Nesheim

Sakliste

Sak nr	Sakstittel	
007/26	Godkjenning av møteprotokoll	
008/26	Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse	
009/26	Tilsetting hamnesjef	Ikkje offentleg,
010/26	Utarbeiding av forslag til hamneregulativ	



SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske hamnevesen	23.02.2026	007/26

Godkjenning av møteprotokoll

Innstilling:

Møteprotokollen blir godkjend.

Giske hamnevesen 23.02.2026

HAMN - 007/26 Vedtak:

Møteprotokollen blir godkjend.

Vedlegg

Møteprotokoll - Giske hamnevesen - 09.02.2026

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske hamnevesen	23.02.2026	008/26

Orienteringar, grunngjevne spørsmål, diverse

Innstilling:

Saka vert tatt til vitande.

Giske hamnevesen 23.02.2026

HAMN - 008/26 Vedtak:

Saka vert tatt til vitande.

SAKSPAPIR

Styre, komite, utval	Møtedato	Saknr
Giske hamnevesen	23.02.2026	010/26

Utarbeiding av forslag til hamneregulativ

Innstilling:

Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide forslag til havneregulativ for Giske kommune. Forslaget skal sendast på høyring der det er relevant og deretter leggjast fram for kommunestyret for endeleg vedtak.

Giske hamnevesen 23.02.2026

Merknad frå styreleiar om å endre innstillinga slik: "Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide forslag til havneregulativ for Giske kommune. Forslaget skal behandlast i styret i Giske hamnevesen før det går til kommunen for vidare høyring og politisk behandling."

HAMN - 010/26 Vedtak:

Administrasjonen får i oppdrag å utarbeide forslag til havneregulativ for Giske kommune. Forslaget skal behandlast i styret i Giske hamnevesen før det går til kommunen for vidare høyring og politisk behandling.

Saksutgreiing:

Etter oppretting av Giske hamnevesen KF er det eit stort behov for eit eige hamneregulativ for kommunen.

Eit havneregulativ er ei lokal forskrift heimla i havne - og farvannslova, som skal sikre ei trygg, effektiv og miljøvennleg drift av hamnene, og regulere ferdsel og aktivitet i kommunens sjøområde. Havne- og farvannslova gir kommunen høve til å fastsette lokale reglar for bruk av hamn og farvatn, inkludert avgrensingar for opphald i hamna, fart, og bruk av bestemte farleier, for å ivareta sjøsikkerheit og forsvarleg drift.

Havneregulativet klargjer vidare reglar og vilkår for bruk av hamneareal og infrastruktur, som lasting og lossing, oppbevaring av varer, avfallshandtering og tiltak mot hindringar i ferdsla. Dette er sentralt for god orden, framkome og smidig drift i hamna.

Regulativet fastset også vederlag og avgifter – som kaivederlag, varevederlag og farvannsavgift – som grunnlag for berekraftig finansiering av hamnedrifta. Dette gir forutsigbarhet for brukarar og sikrar at kostnader blir dekkja på ein lovleg måte.

Samla sett er havneregulativet eit nødvendig styringsverktøy for kommunen for å ivareta tryggleik, miljø, orden og effektiv drift i hamn og sjøområde.

Heimelsgrunnlaget:

Kommunelova

Lov om havner og farvann

Vurdering:

Havne- og farvannslova gir kommunen myndigheit til å regulere ferdsel, bruk av hamneinfrastruktur og fastsetjing av vederlag gjennom lokale forskrifter, som havneregulativ. Lova har som formål å sikre effektiv, trygg og miljøvennleg drift av hamner og ferdsel i farvatn. Eit havneregulativ er derfor nødvendig for å ivareta sikkerheit, orden og føreseielege rammer for bruk av hamne- og sjøområda, i tillegg til at det gir det juridiske grunnlaget for innkreving av kaivederlag, varevederlag og farvannsavgift i tråd med gjeldande regelverk.

Sidan eit havneregulativ er ei lokal forskrift, er det kommunestyret som må fastsetje den endelege teksten. Giske hamnevesen KF har ikkje forskriftsmynde, men kan utarbeide faglege forslag og grunnlagsmateriale. Det er difor naturleg og i tråd med lovverket at Giske hamnevesen ber administrasjonen om å utarbeide forslag til havneregulativ, som deretter skal behandlast politisk og vedtakast av kommunestyret.

Økonomiske konsekvensar:

Løn til tilsette i administrasjonen

Konklusjon:

Kommunen har ansvar for å etablere eit havneregulativ. Havneregulativet kan ikkje vedtakast av Giske hamnevesen som kommunalt føretak, men må vedtakast av kommunestyret. Det er likevel formålstenleg at hamnevesenet og administrasjonen samarbeider om å utarbeide eit fagleg og praktisk godt forslag som grunnlag for kommunestyret si handsaming

